

Til Kystverket

Eg viser til dykkar e-post sendt oss 14.03.2017 med ref. ref. 2015/3494.

Det kjem ikkje fram kva varigheit operasjonane i Klosterfjorden vil ha, men om det er er avgrensa til dagar eller få veker kan vi ikkje sjå at det er spesielle konflikhtar i høve til gjeldande arealplan for området.

Om operasjonane har varigheit over månader har vi erfart frå ei liknande sak at lokale reiselivsverksemdar har motforestillingar knytt til bandlegging av plassar for fisketurisme og forringa utsikt over Klosterfjorden.

Vi legg til grunn at Kystverket og Fiskeridirektorattet vurderer evt. konsekvensar i høve til fiskeri, ferdslø, opplagsplassar o.l.

Frå Fylkesmannen i Hordaland har vi i ei anna sak fått munnleg orientering om at det i dette området er ein verdifull lokalitet for korallar og Fylkesmannen førebur no ein marin verneplan for området. Vi rår til at de tek direkte kontakt med Fylkesmannens miljøvernaving for å få avklara dette.

Dette er den tredje saka i løpet av få månader der det vert fremja ønskje om å nytte Klosterfjorden til slike sjøoperasjonar. Vi set pris på om Kystverket kan gi oss ei vurdering av om dette arealet bør setjast av til slike aktivitetar i våre arealplanar.

Saka er også sendt vår afdeling for hamnestell til orientering.

Med helsing Anbjørn Høivik
Fagkoordinator plan og byggesak
Kvinnherad kommune